



**Program for
Midt-Telemark Venstre
2019-2023.**



Me ønsker at Midt-Telemark skal vera ein av Noregs trivelegaste stader å bu.

- Du finn oss på FB
- Midt-Telemark Venstre si
heimeside finn du på venstre.no

Venstre er eit sosialliberalt parti som held på fridomen for den enkelte, samtidig som me tek vare på fellesskapet og miljøet. Me trur på innovasjon, frivillig innsats og dugnad for å skape eit godt samfunn. Fridomen til å forme eige liv blir skapt ved at alle har reell valfridom, uavhengig av bakgrunn, ressursar eller identitet. Det er òg slik me tek ansvar for kvarandre.

Me i Venstre vil gjera vårt for at Midt-Telemark er eit regionsenter i vekst og ein god kommune å bu i. Ein kommune som har omsorg for alle som treng det, som er ein god stad å vekse opp, og som legg til rette for nyskaping, fleire arbeidsplassar og grøn vekst.

Midt-Telemark skal vere ein grøn, moderne og framtidsretta kommune, og på den måten bli ein god stad å bu for folk i alle grender. Det vil me sørge for ved å satse på skulen, ta vare på naturen og legge til rette for nyskaping og vekst i næringslivet vårt. Og først og fremst må me ha ein sunn kommuneøkonomi slik at me kan sikre god kvalitet på tenestene våre.

TRYGG OPPVEKST OG GOD OMSORG

Barn lærer best når dei har det bra på skulen, så det fysiske og psykiske skolemiljøet er svært viktig. På Gvarv skal det byggast ny barne- og ungdomsskule, og i Bø er det behov for ein ny ungdomsskule. Alle elevar på alle skular har krav på god tilgang til helsesøster, og denne tenesten må prioriterast. Som skuleeigar har kommunen ansvar for å legge til rette for at både lærarar og elevar har rom for å vidareutvikle seg og ha ein skulekvardag som er prega av trivsel og engasjement. Ein bør rigge skulen slik at me har ein felles tanke for kva "Midt-Telemarkskulen" er, der det vert arbeidd mot felles mål og innanfor same satsingsområde.

Me har stadig fleire born i lokalsamfunnet som er to- eller fleirspråklege. Det er ein ressurs å kunne fleire språk, men lærarar og barnehagetilsette må ha tilstrekkeleg kompetanse for å

Fyrst og fremst vil me takke alle dei som stemte på oss ved valet i 2015.

kunne hjelpe desse borna til å lære best mogleg og mest mogleg. Denne kompetansen finst, men me må ha ein plan for korleis kompetansen kan bli nytta til gode for flest mogleg av borna.

For å auke motivasjonen til dei eldste elevane kan det vere nyttig med eit undervisingstilbod òg litt utanom det vanlege. Der kan ein involvere folk frå næringslivet som har erfaring med teoretiske fag på ein annen måte, i ei såkalla lektor2-avtale.

SFO er ein viktig plass å vera for mange ungar. Det er om å gjera at innhaldet er med på å gje ein meirverdi i kvardagen for dei som brukar ordninga. SFO er eit økonomisk løft for mange foreldre og søskenmoderasjon bør gjelde på tvers av barnehage og SFO.

Dei private skulane i den nye kommunen vår styrker mangfaldet i oppvekstmiljø og er positivt for valfridommen til innbyggjarane.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ satse på lågterskeltilbod som førebyggande tiltak for unge med psykiske utfordringar
 - ✓ arbeide for at det blir bygd ny ungdomsskule i Bø så snart som råd
 - ✓ skjerme skulen mot driftskutt som følgje av store investeringskostnader
 - ✓ søke om at ungdomsskulane i Midt-Telemark blir lektor2-skule
 - ✓ lage ein plan for god kvalitet i norskopplæringa i grunnskule og barnehage for dei med norsk som andrespråk
 - ✓ legge til rette for undervisingssamarbeid mellom skulane i kommunen
 - ✓ fortsette å arbeide med tidleg innsats i skule og barnehage
 - ✓ sørge for at det er barnehageplassar for alle i kommunen, og at det er god balanse mellom private og offentlege barnehagar
 - ✓ betre kvaliteten i SFO og kople innhaldet opp mot tilbod frå frivillige lag og foreiningar
 - ✓ sørge for at søskenmoderasjon gjeld for alle born i offentleg barnehage og/eller SFO i kommunen
 - ✓ kommunen må legge til rette for å inkludere dei private skulane i det totale oppveksttilbodet i kommunen og sørge for god dialog og samarbeid mellom skulane
 - ✓ satse på kompetansebygging hos lærarane
- ✓ jobbe for at alle skular og barnehagar i kommunen blir sertifiserte som dysleksivenlege
 - ✓ jobbe aktivt for nulltoleranse mot mobbing i skulen
 - ✓ vidareføre tilboda om aktiviteteskort som i Bø og «sommar/vinter i Sauherad» for heile den nye kommunen
 - ✓ styrke kunst- og kulturinnhaldet i skulen
 - ✓ oppretthalde eit breitt kulturskuletilbod med undervising både på Gvarv og i Bø. Tilboden skal reflektere tradisjon og ta innover seg nye impulsar og retningar innafor kunst og kulturområdet.
 - ✓ Kulturskulen skal vere heilskapleg og føreseieleg i ny



kommune, og vi skal ha rom for både fordjuping og tradisjonell opplæring.

- ✓ **støtte opp om Bø museum og Evju bygdetun som tradisjonsberarar med formidling av kunst, kultur og lokalhistorie, og utnytte det i samarbeid med skulane.**
- ✓ **arbeide for at nynorsk som målføre er levande i skulen og eit reelt val for foreldre og ungane**

OMSORG

I Midt-Telemark har me gode føresetnader for å ta vare på helsa vår, med rik tilgang på vakker natur og gode friluftsområde. Men helse er ikkje berre å halde seg i god fysisk form. Me må også ha det mentalt bra, uansett alder. Midt-Telemark har allereie ei viktig satsing på folkehelse gjennom folkehelsekoordinatoren. Dette arbeidet vil me framleis bygge opp under.

Me blir alle eldre, og det er viktig å legge til rette for ein aktiv alderdom. Dette gjeld anten ein er funksjonsfrisk eller vert ramma av ulike funksjonsnedsettingar, fysisk eller psykisk. Det er viktig å sikre arbeidssenter for eldre og gode aktivitetar for demente.

God busituasjon fremmar god helse og kommunen må sørge for godt vedlikehald i sine bustader.

Aktive eldre er ein ressurs som har

mykje å bidra med, og kan bl.a. inkluderast i skulen for kultur- og tradisjonsoverføring til nye generasjonar.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **at kommunen skal bli leiande på kvardagsrehabilitering og habilitering samt legge til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogleg.**
- ✓ **at brukaren sjølv skal stå i sentrum for viktige avgjersler som gjeng på eigen pleie og behandling.**
- ✓ **at kronisk sjuke skal få betre tilrettelagt oppfølging frå fastlege ved å blant anna la dei sleppe SMS-timebestilling**
- ✓ **bruke erfaringane frå prosjektet «Ung arena» til å vidareutvikle helsearbeidet mot barn og unge i heile kommunen.**
- ✓ **utarbeide ein vedlikehaldsplan for kommunale bustader som synleggjer behov for dei neste 10 åra**
- ✓ **jobbe for å sikre ein god, stabil fastlegetjeneste i kommunen**
- ✓ **satse på god og næringsrik mat på institusjonane og til dei som treng tilkjøring av mat i heimehjelpa, basert på lokale tradisjonar**
- ✓ **utvikle og ta i bruk velferdsteknologi lettar kvardagen for pasientar og pårørande**
- ✓ **sikre aktivitet for eldre og demente på dagtid**

- ✓ **støtte opp om frivillige organisasjonar som gjer ein innsats for eldre**

NÆRINGSUTVIKLING

Næringslivet i Midt-Telemark er i vekst. Jordbruket står sterkt i heile kommunen, og kommunen er leiande innan frukt- og bærproduksjon. Små og mellomstore bedrifter innan bygg og anlegg, industri og tenesteyting utgjer ein stadig større del av næringslivet. USN er i seg sjølv ei stor bedrift, og har knytt til seg mange andre bedrifter innan rådgjevande tenesteyting. Statlege arbeidsplassar er òg etablert i kommunen.

Bø er allereie eit viktig region-



senter og ein motor i regionen. Handelen i Bø er i sterk vekst, og forutsigbare arealplanar og gode rammer for etablering av handelsnæringar har vore ei suksessoppskrift. Me ønsker å vidareføre slike forutsigbare rammer for å trygge eksisterande arbeidsplassar og stimulere til vidare vekst.

Venstre ønsker å trygge arbeidsplassane knytt til landbruket, og spesielt ønsker me gode rammer for fruktproduksjon og vidareforedling i den nye kommunen.

Små og mellomstore bedrifter er viktige for Venstre, og me ønsker å stimulere til nyetableringar. Midt-Telemark Venstre meiner at det er viktig at kommunen har eit breitt samarbeid både med fylkesnivå og regionnivå for å ta i bruk virkemiddelapparatet til gode for næringslivet i kommunen. Kommunen må legge til rette for at næringslivet har gode utbyggingsområde og godt tilrettelagte transporttilbod.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **legge til rette for at alle dei lokale turistmåla har gode vekstvilkår**
- ✓ **stimulere til næringsutvikling basert på lokal kompetanse, kultur og naturressursar**
- ✓ **stimulere til grøn vekst og innovasjon i nye og etablerte bedrifter. Kommunen må gå føre!**



- ✓ **vere ein god og forutsigbar innkjøpar. Alle innkjøp må vurderast på bakgrunn av konsekvensar for helse, miljø og tryggleik samt at ein skal legge til rette for at lokalt næringsliv er konkurransedyktig. Ein skal vurdere markedsdialog før kunngjeringar**
 - ✓ **kommunen skal vere pådrivar for prosjekt og etableringar innanfor grøn økonomi, til dømes bioenergi**
 - ✓ **MTNU skal framleis vere ei støtte for nyetablerarar og andre bedrifter**
 - ✓ **at næringsdrivande i kontakt med kommunen skal bli møtt med rådgjeving og rettleiing**
- ✓ **for å bli losa best mogleg gjennom systemet.**
- ✓ **bygge opp under dei sterke fagmiljøa me har i landbruket i Midt-Telemark, spesielt innanfor frukt og bær.**
 - ✓ **at Midt-Telemark skal vere eit leiande regionsenter innanfor økologisk landbruk**

**Me vil ha ein
open kommune.
Møteboka til
ordføraren skal
ligge på nett.**

- ✓ **støtte opp under samarbeidet med Nome om reiseliv og næring i den samla Midt-Telemark-regionen**

AREAL OG TRANSPORT

Kommunen vår er i vekst, og det er viktig å legge gode planar for korleis veksten skal videreførast. Handelsnæringa aukar, og det er viktig å halde liv i butikkane i sentruma våre. Strenge sentrums-grenser har vore viktige og Midt-Telemark Venstre vil framleis halde på at detaljhandel berre skal skje i bygdesentra våre.

Vidareutviklinga av kommunen skal funderast på ei heilskapleg areal- og samfunnsplanlegging, der flest nye boligar blir lagt til dei bygdesentruma me allereie har. Dette sikrar jordvern og effektiv transport, og er viktig for å verne naturområde.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **prioritere detaljhandel i sentrum ved å oppretthalde sentrumsavgrensinga i Bø og Gvarv, slik at all detaljhandel må ligge innanfor dagens grenser**
- ✓ **Sentrumsavgrensinga i Bø og Gvarv må ligge fast, med større vekt på fortetting**
- ✓ **jobbe for auka kollektivtilbod mellom tettstadene og grendene, slik at me kan få til god kollektivbruk i bu- og arbeidsregionen**



- ✓ **stille krav om prinsippa for grøn by- og tettstadsutvikling ved privat og offentleg utbygging**
- ✓ **Fortetting må skje med arkitektonisk høg kvalitet og ta omsyn til grønnstruktur og trivsel**
- ✓ **halde fram med aktiv deltaking i Norsk Bane as og Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli,**

Me sier nei til parkeringsavgift på alle kommunale areal.

for å sikre traseen gjennom Midt-Telemark, og at den vert den første strekninga som skal utgreiaast

- ✓ **styrke vegvedlikehaldet på kommunale vegar ved å sette ut arbeidet til lokale maskineigarar som vegvaktarar**
- ✓ **arbeide for at Sørlandsbanen og Bratsbergbanen aukar avgangsfrekvensen, og at ein utviklar stoppestadene i kommunen.**
- ✓ **støtte arbeidet med å etablere Vestlandsbanen som del av eit skandinavisk høgfartsbanenett.**
- ✓ **jobbe for at Vestfold og Telemark fylkeskommune utgreier ulike løysingar for**

kollektivtrafikken i kommunen, inklusive å utgreie muligheiter for betre lokaltogtilbod.

- ✓ **dei kommunale vegane må utbettast og vedlikehaldast slik at dei ikkje er til hinder for næringsverksemd**
- ✓ **halde presset oppe mot fylkeskommunen for å få på plass gang- og sykkelvegar i Øvrebo, til Oterholt, til Valen og Hørte og mellom Gvarv og Akkerhaugen.**
- ✓ **ha gode arealplanar som ligg i forkant, slik at ein har tilgjengeleg rom for næringsutvikling i tråd med vedteken samfunnsplan**
- ✓ **si nei til parkeringsavgift på alle kommunale areal**



MILJØ OG NATURRESSURSAR

Midt-Telemark kommune skal halde fram med satsinga si på å ha ein aktiv miljøpolitikk som sikrar komande generasjonar moglegheitar for gode liv.

All tettstad- og tenesteutvikling skal vere berekraftig og framtidsretta. Dette ønsker Midt-Telemark Venstre skal vere fana vår for korleis me skal ta vare på og vidareutvikle kommunen. Me skal ha rein luft, reint vatn og me skal ta vare på det biologiske mangfaldet.

Midt-Telemark kommune skal spele ei aktiv rolle i å redusere klimagassutsleppa. Dette skal

me gjere ved å stille miljøkrav til oss sjølv og til utbyggjarar i kommunen. Kommunen må gå føre å gjere det enklare å velje grøne alternativ, samt å legge til rette for nye og innovative løysingar som fremjar klima.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **forvalte naturressursane i kommunen på ein berekraftig måte. Særskilt gjeld dette elver og vassdrag i kommunen vår**
- ✓ **halde fram og intensivere kampen mot plastforsøpling og mikroplast**
- ✓ **bruke FN sitt berekraftmål nr 13 «Stoppe Klimaendringane» som rettesnor for politiske prioriteringar. Vi vil jobbe for å få til ein god klima-, miljø- og energiplan som ivaretak alle aspekt av målsettinga**
- ✓ **at alle politiske saksframlegg skal ha ei vurdering om bærekraft og synе klima-avtrykk.**
- ✓ **sikre at kommunen brukar insektvenlege busker og blomar ved planting**
- ✓ **ha god utbygging av veg- og stinett for gåande og syklande**
- ✓ **bygge leskur på fleire av buss-haldeplassane**
- ✓ **videreføre tankegang og erfaringer frå bygdepakke-prosjektet**
- ✓ **sikre at kommunen sine finansar og fond ikkje stør opp om klimafriendtlege selskap**
- ✓ **erstatte fossilbilar med el-bilar**

eller hybridbilar ved kommunal tenesteyting

- ✓ **jobbe mot eit mobilitets-prosjekt der alle tilsette og innbyggjarar i kommunen kan vere med i ei utlånsordning av kommunale el-bilar**
- ✓ **etablere ladestasjonar ved alle kommunale tenestebrygg**
- ✓ **stimulere til bruk av fjernvarme eller annan klimavenleg oppvarming (solenergi) i offentlege og større private bygg**
- ✓ **styrke jordvernet og ivareta arealressursane våre med tanke på framtida**
- ✓ **jobbe for å minske unødig bruk av vegsalting**

NÆRMILJØ, KULTUR OG TRIVSEL

Eit godt og inkluderande lokalmiljø har gode møteplassar for alle.

Midt-Telemark Venstre vil føre ein målretta politikk for at kommunen sine tettstader og grender skal utvikle seg til blømande stader med gode offentlege møteplassar for alle generasjonar. Eit nærmiljø utan tette skott mellom grupper og organisasjonar vil føre til at fleire vil finne seg til rette. Me må tilby eit breitt spekter av organiserte aktivitetar, i tillegg til opne, uformelle møteplassar for alle. Godt sosialt nærmiljø er førebyggande helsearbeid!

Kultur står sterkt i regionen vår, og



i samarbeid med lag og foreiningar må kommunen legge til rette for at menneske i alle aldrar skal møte kulturen i ulike former. Kultur er meir enn underhaldning. Det er ein måte å uttrykke seg på, vere seg sjølv og skape identitet.

Fylkeskommune satsar på tre kulturelle fyrtaårn. Det eine er å styrke folkekulturen. Midt-Telemark har lange og rike tradisjonar som må vidareutviklast og styrkast. Kommunen vil vere

Me ønsker å legge til rette for ein aktiv alderdom.

ein viktig samarbeidspart med fylkeskommunen for å ta vare på og vidareutvikle dei rike og folkelege tradisjonane i Telemark og Vestfold

Mange aktivitetar kostar meir enn det nokre foreldre kan betale for billettar og kontingentar. Kommunen har derfor eit særskilt ansvar for at alle får vere med. Lag og foreiningar som legg til rette for aktivitetar for born av fattige foreldre bør få ekstra støtte frå kommunen.

Gullbring vert storstova til heile den nye kommunene vår. Det er viktig å sikre at alle får tilgang til tilboda der, uavhengig av alder, interesser, økonomi og andre forhold. Gullbring må tilby ein stor variasjon i kulturtilbodet og det må vere noko der for alle.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **styrke frivilligheita i kommunen ved samarbeid med frivillighetssentralane og ved å lyse ut midlar til nærmiljøtiltak som velforeiningar og grendelag kan søke på**
- ✓ **jobbe aktivt for å få etablert eit regionalt kompetansesenter for folkemusikk og -dans**
- ✓ **forsette som friby-kommune for forfølgde forfattarar**
- ✓ **støtte kulturnettverka og få dei til å fungere på tvers av heile den nye kommunen**
- ✓ **støtte opp under lokale kulturarrangement i heile kommunen, mellom anna ved å vidareføre Sauherad sin modell**



med kulturmidlar å søke på for arrangement retta mot barn og unge

- ✓ betre tilgangen til eksisterande og nye badeplassar og friluftsområde i kommunen. Etablere avtaler om offentleg bruk av enkelte private badeplassar. Gjere tilgangen til badeplassar og friområde meir trafikksikre og attraktive for mjuke trafikanter, særleg born, unge og funksjonshemma
 - ✓ ruste opp, og ha driftsløysingar i samarbeid med grunneigar eller lokale velforeiningar for turvegane og badeplassane f. eks. vedlikehald av benkar, toalett og søppel
 - ✓ samarbeid med turlaga om merking og vedlikehald av turvarar og -stader
- ✓ skape arenaer for nettverksbygging for betre integrering av innvandrarar, gjerne i samarbeid med lag og foreiningar
 - ✓ støtte lag og foreiningar som legg til rette for aktiviteter for barn av fattige foreldre
 - ✓ bruke Idrettsrådet som rådgjevande organ i saker som gjeld frivillige lag og foreiningar, for slik å sikre likebehandling når det gjeld avtaler og ordningar med kommunen
 - ✓ støtte lokale festivalar og andre kulturrangement rundt omkring i kommunen
 - ✓ ha særleg merksemd på samarbeid med "frivilligheita", med fokus på gode nærmiljø- tiltak som skapar engasjement og liv og røre i dei ulike grendene
 - ✓ at Gullbring skal halde fram med å vere ein arena for kultur på alle nivå, og ein forutsigbar arena for all kulturaktivitet i kommunen, uavhengig av eigarskapsmodell
 - ✓ ruste opp kommunale bruer i prioritert rekkefølge etter kva som treng det mest
 - ✓ jobbe for å ta vare på den lokale dialekten vår, blant anna ved å sørge for at målbruksplanen vert følgd opp med økonomiske middel til opplæring
 - ✓ sikre at barnehagane og skulane tilbyr god målbruk og eit godt læringsmiljø på begge målformer, gjerne i samarbeid med lag og foreiningar

- ✓ **støtte opp om og utnytte arbeidet som Bø museum og Evju bygdetun representerer som tradisjonsberarar og formidlarar av kunst, kultur og lokalhistorie.**

LOKALDEMOKRATI, PERSONVERN OG ENKELTINDIVID

Demokrati handlar om deltaking, tilhøyring og like mogleitar til å påvirke utviklinga. Det handlar om at flest mogleg tek del i, og forstår, avgjerdene som angår dei sjølve. Kommunen har eit særskilt ansvar for å informere om saker, i god tid før avgjerder blir tatt. Det er ikkje nok å sei at ting er tilgjengeleg

Me vil livestreame kulturarrangemang og politiske møte til sjukeheimane.

på nettsidene, ein må også aktivt informere innbyggjarane i viktige saker.

Lokaldemokratiet må styrkast, slik at alle i den nye kommunen blir deltagande i å skape ei god, felles framtid i Midt-Telemark.

Den enorme auken i bruk av informasjonsteknologi gjer at presset mot personvernet og det private rommet til den



enkelte blir stadig større. Det offentlege og kommunen har eit særskilt ansvar for at lagring, bruk og vidareformidling av personopplysningar skjer i tråd med Personopplysingslova.

Me skal ha respekt for alt arbeidet som vert lagt ned for å forme den nye kommunen vår. Kommunen skal vere ein god, trygg og forutsigbar arbeidsgjevar. Me må sørge for at jobbkvarden i ein nyleg samanslått kommune blir så god som mogleg, at ressursane blir godt utnytta og at ikkje enda fleire oppgåver blir lagt på dei tilsette.

Midt-Telemark Venstre vil:

- ✓ **at kommunen skal minse avstanden mellom innbyggjar, politikar og administrasjon gjennom bevisst og målretta bruk av digitaliserte løysingar**
- ✓ **at ordføraren har jamlege ”utekontor” på ulike stader der ho er tilgjengeleg for alle som vil diskutere saker**
- ✓ **gjera møteboka til ordføraren tilgjengeleg på nett**
- ✓ **jobbe aktivt for å ha ein open kommune – retten til innsyn skal vere lett å utøve i Midt-Telemark!**
- ✓ **at større politiske møte (kommunestyremøte, formannsskap og utvalsmøte) skal distribuerast digitalt, takast opp og arkiverast**
- ✓ **at kommunen skal vere best på å oppfylle Personopplysningsloven**

Kultur og frivillig arbeid er eit viktig satsningsområde den nye kommunen.

- ✓ **at kommunen skal jobbe målretta og aktivt med digitalisering av tenester og saksbehandling for å oppnå effektiv og trygg drift**
- ✓ **at kommunen skal ha god digital sikkerhet for å kunne levere trygge tenester. Administrasjonen skal jamnleg rapportere om digital sikkerheit**





**Midt-Telemark
treng det beste
laget - stem
Venstre.**

Midt-Telemark Venstre sine kandidatar til valget 2019



1. Evy Beate Stykken (f. 1975)

vvaraordførar, Bø kommune

Eg likar dei grunnleggjande sosial-liberale verdiane der ein har både fridom for den enkelte og eit system som hjelper dei som treng det.



2. Steinar Sæland (f. 1959)

Næringsutvikling, bustadutbygging, arealplanarbeid og jordvern er blant dei tinga som opptek meg.



3. Frid Berge (f. 1976)

Av politiske saker er det særskilt trygging av naturmangfald, berekraftig utnytting av friluftsområder og miljø som opptek meg.



4. Tone B. Fremgård (f. 1970)

Eg er spesielt oppatt av arbeidsliv, næringsutvikling og folkehelse.



5. Kim Bjørn Jensen (f. 1962)

Eg er oppatt av at lokalsamfunnet skal vere ein stad å trivast og utvikle seg, derfor er kultur og friluftsliv viktige verdiar.



6. Aslaug Norendal (f. 1971)

Eg er oppteken av stadutvikling, gode lokalsamfunn og godt barne- og ungdomsmiljø. Eg vil også arbeide for gode vilkår for små og mellomstore bedrifter og for eit levande og framoverlent landbruk.

7. Kristin Ødegård Vestgarden (f. 1960), Valen
8. Arne Kristoffer Mosfjeld (f. 1986), Nordbøåsen
9. Dagne Sæland (f. 2000), Gunheim
10. Marita Kristina Valkeinen (f. 1986), Nordbøåsen
11. Olav Norheim-Langkaas (f. 1971), Hørte
12. Kari Anne Kolstad (f. 1974), Breisås
13. Eh Ler Hplodoh (f. 1980), Gvarv
14. Liv Gjerde Kasland (f. 2001), Nordbøåsen
15. Jon Kvistli (f. 1961), Breisås
16. Knut Eirik Hult (f. 1973), Breisås
17. Aslak Gunnheim (f. 1944), Gunheim
18. Halvor Gåra (f. 1946), Sandvin
19. Aase Haukaas Gjerde (f. 1967), Nordbøåsen
20. Pål Kleffelgård (f. 1971), Årnes
21. Øystein Heggelid Rugaas (f. 1991), Akkerhaugen
22. Anne Aavik (f. 1951), Hørte
23. Peter Sevatdal (f. 1938), Hørte
24. Kjell Stundal (f. 1945), Breisås



VENSTRE